

Samlingsforvaltingsplan for  
Musea i Sogn og Fjordane  
2021–2024

# Innhald

Innhald.....	1
1. Innleiing .....	2
Om arbeid med planen .....	2
Føremål.....	2
Overordna føringar .....	3
Omgrepsavklaringar.....	4
2. Samlingar ved Musea i Sogn og Fjordane .....	5
MiSF: Status og utfordringar .....	6
De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum .....	7
Nordfjord Folkemuseum .....	11
Sunnfjord Museum .....	13
Kystmuseet i Sogn og Fjordane.....	16
Norsk Reiselivsmuseum .....	18
Norsk Kvernsteinsenter .....	20
Sogn og Fjordane Kunstmuseum .....	21
Astruptunet.....	22
Eikaasgalleriet .....	23
Sogn Kunstsenter .....	24
3. Mål og tiltak for samlingsforvaltinga ved MiSF .....	26
Organisering og kompetanseutvikling .....	26
Dokumentasjon.....	27
Bevaring .....	27
Tilgjengeleggjering .....	28
Samlingsutvikling .....	28
4. Vedlegg .....	30

# 1. Innleiing

## Om arbeid med planen

Arbeid med samlingsforvaltingsplan for Musea i Sogn og Fjordane blei vedtatt starta opp på styremøte 21.4.2017. Mandat for arbeidet blei drøfta på leiarmøte 14.12.2017, og ei arbeidsgruppe blei satt ned for å arbeide med planen. Delvis grunna at arbeid med strategiplanen og seinare organisasjonsprosessen har teke mykje tid, har framdrifta i arbeid med samlingsforvaltingsplanen vore låg i periodar. Frå slutten av 2019 har arbeidet med planen vore forankra i samlingsutvalet, som vart oppnemnd av direktøren i april same år for å bidra til berekraftig samlingsutvikling. Samlingsutvalet har hatt følgjande medlem i perioden: Sveinung Søyland Moen, Anne Kristin Moe og Thomas Walle.

I arbeidet med samlingsforvaltingsplanen og samlingshandboka som ligg som vedlegg til planen, har samlingsutvalet henta inspirasjon frå fleire plandokument ved andre norske museum. Tilhøva mellom skildring av musea og deira samlingar, strategiske målsettingar og tiltak, og praktisk handtering av samlingane varierer mellom musea. Vi har valt å ha samlingshandboka som eit separat dokument, da denne er tenkt å vere ein fast manual for arbeid med samlingane, uavhengig av strategiske satsingar og endra målsettingar. Samlingshandboka er ein tilpassa versjon av ei tilsvarande handbok ved Stiftinga Norsk Folkemuseum, som følgjer Spectrum-standard. Retningslinjer og prosedyrar er tilpassa ny versjon av Spectrum (versjon 5.0 som kom på norsk i 2020) og dei lokale tilhøva ved Musea i Sogn og Fjordane.

Skildring av samlingane og historikken til musea, er utarbeidd i samarbeid med tilsette ved musea. Skildringane gir viktig kontekst til samlingane, og informasjon om kvifor vi har dei samlingane vi har i dag. Samlingsutvalet har gjort mindre tilpassingar med mål om å få til ei heilskapleg presentasjon i samlingsforvaltingsplanen.

For å sikre god forankring av samlingsforvaltingsplanen og samlingshandboka, har dokumenta vert på høyring blant dei tilsette i organisasjonen. Høyringsutkasta blei sendt på høyring 19.1.2021, med frist på to veker for å komme med uttale. Utvalet fekk sju uttalar, og det er gjort mindre justeringar i dokumenta som følgje av dette. Mål og tiltak for planperioden er i store trekk uforandra også etter høyringa. Samlingsutvalet opnar for at samlingshandboka kan reviderast når det er naudsynt, uavhengig av planperioden.

## Føremål

Ein heilskapleg samlingsforvaltingsplan er eit viktig verktøy for å sikre effektiv og fagleg oppdatert forvaltning av samlingane som Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) har ansvar for. Eit planverk som inkluderer alle aspekta ved forvaltingsoppgåvene er òg eit viktig tiltak for å gjere samlingane aktive som den viktige kapitalen dei representerer i musea sitt forskings- og formidlingsarbeid, og i marknadsføring av MiSF som ein kulturarvsinstitusjon.

Samlingane er blant dei viktigaste ressursane musea har og er ofte grunnlaget for at eit museum blei oppretta. For å kunne gjere nytte av desse ressursane og forvalte samlingane på ein tilfredsstillande måte, må vi aller fyrst ha oversikt over samlingane. Vi må vite kva samlingane består av, kvifor dei vart samla inn og kva tilstand dei har. Vi må kunne gjere greie for alle objekta i samlinga, med oppdaterte opplysingar, dokumentasjon av eigdomsforhold og plassering. Ei forsvarleg forvaltning av samlingane handlar òg om ein fornuftig bruk av det personale og dei økonomiske ressursane musea har rådvelde over. For å få til ein god balanse mellom forvaltning og tilgjengelege ressursar, kan det være naudsynt å prioritere i samlingane med grunnlag i relevansen for det einskilde museet og vurdering av den kulturhistoriske verdien.

Musea sine samlingar representerer ei kjelde til kunnskap. Denne kunnskapen er viktig for at musea kan oppfylle oppgåva som aktuelle og relevante samfunnsinstitusjonar. Men samlingane er òg noko som musea forvaltar på vegne av samfunnet, og som må gjerast tilgjengelege for publikum, forskarar og kollegaer ved andre museum. Det er ei nasjonal målsetting at kulturarven skal vera digitalt tilgjengeleg, og samlingsforvaltingsplanen må innehalde ein formålstenleg strategi for å komme nærare dette målet med dei ressursane vi har til rådvelde.

For å utvikle kunnskapen, må musea ha ein aktiv samlingspolitikk, med konkrete planar for kva som skal samlast inn til dei einiskilde samlingane, korleis samlingane skal brukast, og felles retningslinjer for avhending og destruksjon. Det er viktig at innsamlingspolitikken vert utvikla i samsvar med ressursituasjonen i MiSF. Når det gjeld avhending og eventuell destruksjon er det viktig at dette skjer i overenskomst med eigarane av samlingane og i tråd med dei [museumsetiske retningslinjene til ICOM](#).

Musea i Noreg er oppmoda av Kulturrådet om å ta i bruk forvaltingsstandarden Spectrum i arbeidet, og standarden finst no i [norsk versjon](#).<sup>1</sup> Standarden tek føre seg alle trinna i handsaminga av ein gjenstand ved musea, inkludert transport, utlån og konservering. Fleire museum har utarbeidd sin eigen forvaltningsstandard som ein tilpassa versjon av Spectrum etter situasjonen ved deira museum. Dette ligg òg til grunn i denne planen.

MiSF nyttar i dag forvaltningssystemet Primus i arbeidet med samlingane. Det er ei målsetting at registreringane i Primus vert gjorde på ein likeeins måte i heile stiftinga og på tvers av samlingane. I fyrste omgang er det viktig at dei nye registreringane som vert gjorde i Primus, til dømes ved revisjon eller aksisjon av nye gjenstandar, følgjer ein minimumsstandard som er felles for heile MiSF. Det kan òg vera naudsynt å kvalitetssikra eksisterande registreringar i Primus for å få dei på eit ønskeleg nivå.

KulturIT er sertifisert Spectrum-partner, og i den vidare utviklinga av Primus og andre forvaltningssystem vil dei ta omsyn til dette. Det er difor formålstenleg for MiSF å ta i bruk Primus som arbeidsreiskap for alle forvaltingsoppgåvene ved musea så langt råd er, mellom anna i forvaltning, drift og vedlikehald av bygningar og konservering av gjenstandar.

## Overordna føringar

### Internasjonale retningslinjer

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er plikta til å følgja International Council of Museums (ICOM) sine retningslinjer, inkludert det [etiske regelverket](#) som set krav til samlingsforvaltninga ved musea mellom anna om etablering av samlingsplan.

I 2007 ratifiserte Noreg UNESCO-konvensjonane «[tiltak for å forhindre ulovlig handel med kulturarv](#)» (1970) og «[konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven](#)» (2003). Saman med UNIDROIT-konvensjonen om [tilbakeføring av ulovleg utførte kulturgjenstandar](#) ratifisert av Noreg i 2001, legg dei alle føringar for det norske museumsarbeidet.

### Nasjonale og regionale retningslinjer og lovverk

Bygningssamlinga til MiSF inneheld 14 freda bygg per 1.1.2021. For desse gjeld særskilde føresegner då både dei automatisk freda og dei vedtaksfreda bygga er omfatta av [Kulturminnelova](#).

Vidare legg [Åndsverklova](#) føringar for behandling av eigarskap og bruk av åndsverk, medan [Personopplysningslova](#) regulerer oppbevaring og bruk av opplysingar knytt til bestemte personar. Fotografi og tekst kan krenka privatlivets fred og er då dekkja av [Straffelova](#). Som privat stifting er MiSF

---

<sup>1</sup> SPECTRUM-standard er utvikla og eigd av Collection Trust i Storbritannia: <https://collectiontrust.org.uk/>. Versjon 5.0 av SPECTRUM kom på norsk hausten 2020.

ikkje omfatta av Arkivlova, men Riksarkivaren har utarbeidd [retningslinjer for arbeidet med privatarkiv](#), med heimel i arkivlova § 14, som alle arkivdepot må følgja.

Planen er elles basert på føringar frå Storingmeldingane, særleg [nr. 49 \(2008–2009\) «Framtidas museum»](#) og [nr. 8 \(2018–2019\) «Kulturens kraft»](#), i tillegg til tildelingsbrev fra Kulturdepartementet. I 2021 kjem ei ny museumsmelding som òg kan få påverknad på det vidare arbeidet.

Det er vidare vedtatt regionale og lokale planar som påverkar musea si samlingsforvaltning, mellom anna [«Kultur for alle» – regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019–2027 med handlingsprogram for 2019–2022](#), i tillegg til kommunale kulturminneplanar der fleire av musea sine besøksstader og enkeltbygg er nemnde. I samband med regionsreforma vil det òg verta særleg viktig å følgja med på eventuelle nye føringar frå Vestland fylkeskommune.

### Forholdet til anna planverk ved MiSF

Mål og tiltak presenterte i planen er sett inn med utgangspunkt i MiSF sin gjeldande strategiplan 2018–2021, men er utvida med aktuelle mål og tiltak for planperioden. Det er òg sett til sikringsplanen for perioden 2018–2023. Samlingsforvaltingsplanen må vidare sjåast i samanheng med komande planverk for MiSF, med særleg vekt på formidlingsplan (under arbeid), forskingsplan, innsamlingsplan og kommunikasjonsplan.

### Omgrepsavklaringar

*Aksesjon* er formell tilvekst til samlinga som inneber at MiSF overtar eigarskap til objektet og gir det eit unikt nummer i relevant database. Sjå meir i samlingshandboka s. 4.

*Deaksesjon* er permanent å fjerne objekt frå MiSF sine samlingar. Prosedyren gjeld objekt som er ein del av den permanente samlinga med eit unikt identifikasjonsnummer. Deaksesjon kan skje gjennom omdefinering til rekvisitt, avhending til ny eigar eller destruksjon. Sjå meir i samlingshandboka s. 7.

*Metadata* vert her nytta som samleomgrep for all informasjon tilhøyrande eit objekt i samlingane.

*Minimumsregistrering* vert omtala som *inventarkontroll* i Spectrum-standarden, og begge omgrep er nytta i den vedlagde samlingshandboka. Minimumsregistrering tyder å registrera objekt med identifikasjonsnummer, nemning (betegnelse i Primus), bilete, informasjon om eigarskap og noverande plassering. Dette er minimumsstandarden for registrering av objekt i samlingane, men informasjon om proveniens og tilstand bør om mogleg òg registrerast. Sjå meir i samlingshandboka s. 11 «Retningslinjer for inventarkontroll».

*Revisjon* tyder her å vedlikehalde og utvikle kunnskapen om objekta museet har forvaltingsansvar for. Sjå meir i samlingshandboka s. 12.

*Samlingsansvarleg* viser her til den tilsette som er tildelt ansvaret for enkeltdelar av samlinga, til dømes gjenstandssamlinga ved eitt av musea.

*Samlingsutvalet* ved MiSF er oppnemnd av direktøren for MiSF for å bidra til berekraftig samlingsutvikling. Utvalet har som mandat å ha eit overordna oppsyn med tilvekst og avhending (aksisjon og deaksesjon) av gjenstandar. Utvalet har òg hatt ansvaret for utarbeiding av samlingsforvaltingsplanen og samlingshandboka.

## 2. Samlingar ved Musea i Sogn og Fjordane

Tal frå Museumsstatistikken 2020:<sup>2</sup>

	Total	Registrerte	Digitaliserte	Tilgjengeleggjorde
Kulturhistoriske gjenstandar	111 353	65 604	54 100	49 847
Kunsthistoriske gjenstandar	7 149	3 931	3 036	1 892
Naturhistoriske gjenstandar	7 481	0	0	0
Kulturhistoriske bygningar (inkl. lagra bygningar)	176	153	153	153
Kulturlandskap	9	4	1	1
Hageanlegg	15	2	0	0
Levande samlingar	123	0	0	0
Farkostar	142	38	20	4
Fotografi	37 503	4 607	13 415	202

MiSF har i tillegg samlingar av film og lyd, arkivalia, og bøker og periodika, men rapporterer førebels ikkje inn eigne tal på desse samlingane i museumsstatistikken.

Museumssamlingane omfattar kulturhistoriske bygningar, kulturlandskap, gjenstandar, kulturhistoriske arkiv og immateriell kulturarv.

*Gjenstandar* er innførte objekt som musea har vurdert som bevaringsverdige. Det kan vere gåver, kjøp eller arv. Samlinga inneheld gjenstandar knytt til hus og heim, handverk og husflid, landbruk og sjøbruk.

*Kulturhistoriske bygningar* er bygningar som museet eig og/eller forvaltar på grunn av sin kulturhistoriske verdi. Det kan vere på museumsområdet eller utanfor museet, til dømes på opphavleg plass. Bygningane kan vere ein sjølvstendig del av utstillinga og formidlinga ved museet, til dømes i eit friluftsmuseum, men kan også nyttast til utstillingar av andre gjenstandar.

*Kulturlandskap* er landskap som er påverka av menneskeleg aktivitet. Når vi snakkar om kulturlandskap som del av samlingane, gjeld det denne typen landskap som musea har ansvar for å drive, dokumentere, bevare og formidle. Kulturlandskap kan inngå som del av dei utstillingane som møter publikum i friluftsmusea, eller kan vere landskapsområde utanfor musea sine anlegg. Kulturmarker som enger, åkrar, beite og beiteskog er døme på kulturlandskap. Hageanlegg er også kulturlandskap, og omfattar hagar og parkanlegg knytt til musea sine besøksstader. Både i kulturmarkene og nærområda til tuna er kulturlandskapselement viktige. Det kan vera faste element som ulike gjerdetypar, hesjer, røys og midlertidige som lauvrau, høystakk og kornstaur. Kulturmarkselementa er også vegetative som styvingstre og tuntre.

---

<sup>2</sup> Museumsstatistikken opererer med følgjande definisjonar: *Registrerte* gjenstandar tyder her elektronisk registrerte (t.d. i Primus). *Digitaliserte* tyder at objektet er registrert med ein digital representasjon, t.d. digitalt foto, film, lydklipp, e.l. *Tilgjengeleggjorde* tyder tilgjengeleggjort på internett, t.d. på Digitalt Museum, med metadata og digital representasjon (jf. definisjon av digitaliserte over).

*Dei kulturhistoriske arkiva* er dokumentasjon av kulturelle uttrykk og praksisar. Dokument kan vere på alle slags medium og i alle format, t.d. papir, i databasar på filer, på magnetband eller cd.

*Immateriell kulturarv* er praksisar, framstillingar, språk, kunnskap og ferdigheiter – samt tilhøyrande instrument, gjenstandar og kulturelle rom. Denne kulturarven er overført frå generasjon til generasjon, og er noko som grupper og enkeltpersonar anerkjenner som del av sin kulturarv. Immateriell kulturarv er også kjent under omgrepa tradisjon, handlingsboren kunnskap, taus kunnskap eller kunnskap «i», til forskjell frå kunnskap «om». Gjennom tilverking, bruk og forvaltning er immateriell kulturarv uløyselig knytt til det materielle, både gjenstandar, arkivmateriale, bygningar og landskap.

## MiSF: Status og utfordringar

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane blei etablert i 2009. Allereie før dette var det initiativ for å sjå samlingane ved musea som låg i Sogn og Fjordane fylke i samanheng. Mellom anna blei det i den fylkeskommunale [Museumsplan for Sogn og Fjordane \(2006–2010\)](#) gjort ei tematisk fordeling mellom dei kulturhistoriske musea som òg omfatta innsamling. I 2006 sette fylkeskommunen også i gang arbeid for å etablere fellesmagasin for musea i fylket. Ein rapport utarbeidd av ABM-utvikling i 2007, synte at situasjonen for museumssamlingane i Sogn og Fjordane var kritisk, med omsyn til oppbevaringstilhøva.

Trass i desse fellesinitiativa, har samlingsforvaltingsarbeidet ved dei einskilde musea etter konsolideringa i stor grad halde fram basert på dei praksisar som er utvikla lokalt over fleire år. Samarbeid mellom musea har i hovudsak handla om kunnskapsdeling, meir enn å etablere felles rutinar og like standardar for forvaltingsarbeidet. Registreringsrutinar, oppbevaringstilhøve, samlingsutvikling, konserveringsarbeid, bygningsantikvariske vedlikehaldsprinsipp og samlingsdokumentasjonen har difor vore ulik mellom musea.

Dels grunna desse skilnadane og dels grunna svært ulike fasilitetar for å drive godt samlingsforvaltingsarbeid og sikre trygg oppbevaring av samlingane, er utfordringane ved dei einskilde musea ulike. Det er i samlingsforvaltingsplanen tatt omsyn til dette, mellom anna ved at nokre av tiltaka i planen er retta mot utfordringar som er særskilde for samlingane ved eitt eller nokre av musea.

Samtidig er ei viktig målsetting med samlingsforvaltingsplanen å etablere like praksisar og rutinar på tvers av samlingane og musea dei er utvikla frå. Både etablering av ei ny avdeling for forskning og bevaring, som samlar samlingsforvaltings- og bevaringsarbeidet i organisasjonen, og bygginga av det nye fellesmagasinet i Angedalen er tiltak som vi trur vil bidra til å oppnå dette.

## Dei kulturhistoriske musea

Dei kulturhistoriske musea ved MiSF inkluderer tre folkemuseum (De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Nordfjord Folkemuseum og Sunnfjord Museum) og tre temamuseum (Norsk Reiselivsmuseum, Norsk Kvernsteinsenter og Kystmuseet i Sogn og Fjordane). Medan folkemusea har ei lengre historie som regionale museum frå tidleg 1900-tal og har bygd opp samlingane over tid, er dei tematiske musea av nyare dato. Samlingane ved folkemusea gir innblikk både i langsiktige satsingar og endringar som følgje av fagleg utvikling, regional ansvarsfordeling og skifte i personale. Også ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane, som ved etableringa i 1980 overtok delar av samlinga frå Sunnfjord Museum, er det mogleg å sjå samlinga som representasjon for endringar i tankar om kva museet skal innehalde og vere. Samlingane ved desse fire kulturhistoriske musea kan difor alle innehalde

gjenstandar som kan vera meir eller mindre relevante i høve dagens museumsstruktur og musea si eiga historie.

Som relativt ny museumsinstitusjon er samlingssituasjonen annleis ved Norsk Reiselivsmuseum, som opna museumsbygget sitt i 2016, der innsamling i høve samfunnsoppdraget til museet vil vere ei satsing i åra framover. Norsk Kvernsteinsenter, etablert som stifting i 2009, er på si side ikkje eit samlingsbasert museum, men er via til formidlinga av det særskilde kulturlandskapet i Ytre Sogn.

### Kunstmusea

Avdeling for kunst inkluderer to kunstmuseum, eit kunstsenter og ein kunstnarheim. Tre av desse er egna til einskilte kunstnarar: Astruptunet, Eikaasgalleriet og Sogn Kunstsenter (som er etablert på samlinga etter Lærdalskunstnaren Hans Gjesme). I Førde ligg Sogn og Fjordane Kunstmuseum, via til regionale kunstnarar hovudsakeleg frå 1900 til vår tid, og med ansvar for kunstnarsenterfunksjonen i Sogn og Fjordane. Dei ulike kunstmusea vart slåtte saman under stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum i 2004, då inkludert Anders Svor Museum (no del av Musea på Sunnmøre). Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum blei del av Musea i Sogn og Fjordane i 2009. Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart oppløyst i 2017, og eigarskap til samlingane overført til Musea i Sogn og Fjordane. Omgrepet Sogn og Fjordane Kunstmuseum nyttast i dag om kunstmuseet i Førde, og (fram til 2020) også organisatorisk om det samla kunstfaglege arbeidet og dei tilsette på dei fire musea. Det er i tillegg kunsthistoriske samlingar ved nokre av dei kulturhistoriske musea, og då særleg ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane som har ei større samling etter kunstnaren Bjørn Hegranses inkludert heimen hans Jotun.

## De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

### Historikk

Museet vart grunnlagt av Gert Falch Heiberg (1871–1944), som var godseigar i Amla i Kaupanger og ein pasjonert samlar. I åra rundt 1900 tok han til å samla bondeantikvitatar frå Sogn og reiskapar frå heile Noreg, og i 1909 overdrog han den private samlinga på 3000 gjenstandar, eitt hus og ein runestein til det nystifta Historielaget for Sogn. Heiberg bygde opp museet på garden sin i Amla og styrte det livet ut. Han bygde ein eigen museumsbygning i 1905 og ein større museumsbygning til sognebåtane og reiskapssamlinga i 1934. Då Heiberg døydde, var nesten 20 000 gjenstandar katalogiserte og 17 hus frå ulike bygder i Sogn flytte til museet.

Etter G. F. Heiberg var Svein Vold (1911–2012) styrar for museet frå 1945 til 1980. Vold starta arbeidet med å flytta museet til Vestreim, for å få plass til at det kunne veksa og utvikla seg. Fyrste husa vart flytte i 1970-åra, og i 1981 vart museumsanlegget på Vestreim med stor, ny hovudbygning opna. Med den nye statlege tilskotsordninga frå 1975 kunne ein byggja opp ein større fagstab, og ei rivande utvikling m.a. med meir vekt på formidling tok til. Med bygginga av typehuset «Stella» sist på 1980-talet (opna 1992) vart museet ein av pionerane i norsk og nordisk samtidsdokumentasjon.

Utanom museumsområdet på Vestreim har museet ein besøksstad ved fjorden i Kaupanger, Sogn Fjordmuseum. Det vart opna i 1990 og rommar ei stor båtsamling og reiskapar til båtbygging og fiske. Museet eig også nokre mindre anlegg som ligg på sine opphavlege stader, eigedommen Elvhaug i Sogndal sentrum, småbruket Eidet, Stedje mølle og Tingastadsaga.

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum vart ei sjølvveigande stifting i 2006, då Historielaget for Sogn vart oppløyst. Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand vart inkludert i stiftinga frå 2007. Frå 2009 har De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum vore ein del av Musea i Sogn og Fjordane. Stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er eigar av museumsanlegga og samlingane.



## Gjenstandar

Museet har kring 54 873 gjenstandar og av desse er 32 953 tilfredsstillande registrerte og digitaliserte. Då Gert F. Heiberg starta med å samle inn gjenstandar frå Sogn i si tid, var han først og fremst interessert i gjenstandar frå det gamle førindustrielle bondesamfunnet, og det vart samla inn handverks- og jordbruksreiskap, interiør, husgeråd og tekstil, gjenstandar knytt til overtru og båtar, men også kyrkjelege klenodium og arkeologiske gjenstandar.

På 1980-talet under museumsstyrar Olav Aaraas vart ein oppteken av at ein i iver etter å dokumentere det gamle bondesamfunnet nærast hadde gløymt det 20. hundreåret og det vart sett i gong innsamling av gjenstandar frå nær fortid og samtida.

I Aage Engesæter si tid som direktør ved DHS-SF (1995–2012) vart det laga ein innsamlingsplan, der innsamling av gjenstandar skulle avgrensast til gjenstandar knytt til hus og heim, og gjenstandar frå eldre tid, som kunne fylle «hol i samlinga». I dei siste åra har museet i hovudsak teke imot gjenstandar som kan plasserast ut i husa frå 1939, 1964 og 1987.

I tillegg til at gjenstandar er plasserte ut i husa, er gjenstandar også stilte ut i utstillingar i hovudbygget og i Sogn Fjordmuseum. Dei faste utstillingane har følgjande tema: Vårt daglege brød, Ei tru med alt, Helg og høgtid gjennom livet og året, Klenodium frå kyrkjene i Sogn, Handverk, Tekstilar og klede, Interiør, Drikkekar, Krambu, Unge sogningar 2000 og Leiker frå byrjinga av 1900-talet. I fjordmuseet er det utstilt båtar, fiskereiskapar og maritime gjenstandar.

Gjenstandar som ikkje er stilte ut i husa, eller i utstillingar, er plasserte i magasin.

*Kunst:* DHS-SF har ei samling av biletkunst, måleri og teikningar, på kring 230 bilete. Dette er bilete måla/teikna av kunstnarar frå Sogn, og/eller med motiv frå Sogn.

## Foto

DHS-SF har ei samling med prospektkort frå Sogn, frå perioden ca. 1890 til 1950. Dei er sorterte etter kommunar: Luster, Sogndal, Lærdal, Leikanger, Balestrand og Vik. Alle prospektkorta er samla/lagra i syrefrie album.

Elles har museet bilete sorterte under kategoriar:

«Fotodokumentasjon – Eksteriør/interiør frå DHS/SF i Amla». Bileta/positivane er frå 1900 til ca. 1975 «Portrett og gruppebilete». Bileta/positivane er frå ca. 1880 til 1930.

«Interiør/originalfoto – motiv frå Sogn». Bileta/positivane er frå ca. 1890 til 1950.

Alle desse er lagra i syrefrie konvoluttar og øskjer.

Ei glasplatesamling ved museet er deponert til Fylkesarkivet i Vestland (tidlegare Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane – heretter kalla Fylkesarkivet), der dei fleste er vortne digitaliserte. Dette er fotosamlingane etter Sam Brathole og Rumohr-Døsen, begge frå Luster.

Museet har òg ulik fotodokumentasjon i form av negativar og dias. Desse er ikkje godt nok sett i system, men alle er lagra i syrefrie permar.

Ingen av dei ulike kategoriane med positivar/negativar/dias er katalogiserte eller digitaliserte.

## Film/lyd

Museet har 15 digitaliserte audio- og videofiler på serveren til Fylkesarkivet, med kopi av dei fleste på museet. Dette er i hovudsak intervju om ulike emne og opptak av arbeidsprosessar.

Museet har også 18 lydband-, kassett- og videoopptak med m.a. intervju og arbeidsprosessar, som ikkje er digitaliserte.

## Arkivalia

Museet har ei samling av arkivmateriale, som er deponert og registrert hjå Fylkesarkivet.

## Bøker/periodika

DHS-SF har eit stort bibliotek med ei vel utbygd samling av fagbøker. Biblioteket har og ei stor avdeling lokalhistoriske bøker ordna kommunevis for Sogn og Fjordane. Museet har òg ei skjønnlitterær samling med vekt på lokal skjønnlitteratur. Dei største og mest unike samlingane til museet er skulebok- og slektsbøkene. Museet har òg svært mange antikvariske bøker. Denne samlinga inneheld fagbøker innanfor alle emne, men sidan desse bøkene stort sett er gåver, er det mykje religiøs litteratur; biblar, salmebøker og religiøse skrifter av mange slag.

I tillegg abonnerer museet på ei rekke fagtidsskrift, og har årgangar frå mange år tilbake. Vi har også ei bytteordning med årbøker frå ei rekke museum kringom i landet.

Biblioteket vert drive i samarbeid med Sogndal bibliotek og katalogen er søkbar gjennom dei. Bøkene/periodika er katalogiserte i Bibliofil.

## Bygningar

DHS-SF har 51 bygningar, der 46 er oppsette (driftsbygningar ikkje medrekna), frå 1500-talet til 1980-talet. Det første huset som kom til museet var Underdalsstova i 1903. Då museet var lokalisert i Amla vart husa sette opp på rekke og rad som på utstilling. I forbindelse med at museet vart flytta til Vestreim på 1970-talet vart det utarbeidd ein plan av arkitekt Arne Berg, for plassering av bygningane. Gardsbygningane vart samla i tun til Indre Sogn-tunet og Midtre Sogn-tunet. I tillegg til gardstuna og gardsbygningane har museet ein strandsitjarplass, Henjasanden, samt bustader for den øvre sosial klasse som Kvitevollstova og prestegarden frå Vik. Frå 1980-talet byrja museet å bygge opp ei 1900-tals avdeling og i dag har vi hus frå 1939, 1964 og 1987. På museumsområdet har museet også kvern, vetahus, skulebygning (frå Helgheim folkehøgskule) og ved fjordmuseet har vi ei skjenkestove frå Gulen.

Utanom museumsområdet på Vestreim har museet ei sag på Tingastad, eit småbruk i Eide, og ei mølle og ein villa i Sogndalsfjøra.

Museet har seks bygningar som ligg lagra; Hemrebui, Fossenstova, ei hytte frå 1970-talet, Goroselet og eit naust. Dessutan har museet også eit meieri, men dette er i så dårleg forfatning at det ikkje er plan om å setje det opp att.

## Levande samlingar

Den første landskapsplanen for DHS-SF kom i 1977 der det m.a. var føreslege mindre areal med tidsrette hage- og nytteplanter til nokre kulturhistoriske bygg. På 1980-talet byrja ein jobba meir aktivt med kulturlandskap. Den fyrste heilskaplege planen med driftsplan for friluftsmuseet kom i 1990. Den la vekt på at ein skulle syne fram ulike kulturlandskapstypar som har vore vanlege i Sogn og gav forslag på husdyr, matvekstar, frukt og bær. Som eit resultat av planen vart det også tilsett ein museumsbonde.

Friluftsmuseet har fleire ulike kulturmarktypar. Tradisjonell skjøtsel i mange år har skapa enger med stort biologisk mangfald. Haukåsengi og området kring Kvammetunet er med i «Utvalte naturtypar – slåttemark», ein nasjonal strategi å ta vare på urterike enger. På Haukåsengi har vi samarbeid med fleire aktørar i ulike prosjekt. I åkrane er det i størst mogleg grad brukt gamle sortar. Vi har tre gamle potetsortar. I lag med genresrussenteret og Norges Vel arbeider vi med å formera opp ein lokal byggsort.

Kring tuna og bygningane er det dyrka ein del andre nyttevekstar som bærbuskar, humle, løypestikke og andre urter. Kring Indre Sogn-tunet er det frukttre der fleire i si tid var planta i samarbeid med Nordisk genbank. Knytt til Indre Sogn-tunet finst også ein kvannegard, der museet synar fram eit utval av planter som har vore dyrka lenge i Noreg og som kunne vera vanlege å dyrka på 1850-talet.

Museet eig jærhøns (gamal rase) og griser (moderne rase). I sommarmånadene vert det lånt inn dyr (hest, kviger/kalvar og sau). Dyra er gamle rasar vanlege i distriktet. Dyra er med og pleiar kulturlandskapet.

Friluftsmuseet har 6 bustadar/ villaer med tidriktige hagar. Nokre av hagane har historiske planter, dvs. planter som er henta frå hagar i distriktet og har ei lengre historie enn den på museet. I 2013 vart alle hagane teikna opp og det vart laga plantelister. *Prestegarden frå Vik* er under oppbygging. Det er laga ein plan, men i forhold til ressursar er det førebels ein nok så enkel hage med hekk, frukttre, bærbuskar, roser, tuntre og bed framfor huset. *Kvitevollhagen* er ein embetshage der museet har rekonstruert hagen i Luster. *Helgheim* er ein skule og lærarbustad med tilhøyrande hage. Mange av plantene i beda er gamle og henta frå ulike hagar i distriktet. *Melheimshuset* har 1940-tals hage. Matauk er eit stikkord til krigsåra og i hagen, og dette vert attspegla i hagen med frukttre og bærbuskar. Det er mindre prydplanter. *Leite* har 1960-tals hage. I samsvar med tida sitt ideal med kvalitet på bumiljø og hagen si forlenging av huset, er det bed nærast huset og open plen med pryd- og bærbuskar. *Stellahuset* har 1980-tals hage. Mykje vintergrønt og buskar i staden for arbeidskrevjande bed. Blomsterkasser og krukker.

I tillegg til friluftsområdet på Vestreim eig museet eit lite gardsbruk i Eide i Kaupanger på 16 mål som museet har arva. Det er mest innmark som vert slege. Det er elles ein del frukttre, bærbuskar og styvingstre. Det er skjøtselplan for området. Museet får pengar gjennom Utvalte kulturmarker – slåttemark for å halde enga ved like.

Museet har også ein hage tilhøyrande Elvhaug i Sogndal sentrum, som vart etablert i byrjinga på 1900-talet og som museet overtok drifta for i 1993. Det er ein komplett hage med frukttre, prydbuskar og bed. I 2008 var ein pomolog i hagen og såg på frukttre og sortar. I 2016 vart heile hagen gått igjennom der ein teikna kart og lista opp planter.

### Båtsamling

Båtsamlinga består av 28 båtar, 14 av desse er utstilte på fjordmuseet. Dei 14 båtane som ikkje er utstilte har ikkje tilfredstillande oppbevaring. Båtsamlinga er delvis registrert i Primus.

### Immateriell kulturarv

Museet har dokumentert- og dokumenterer arbeidsprosessar ved drift av kulturlandskapet på lydband, kassett og video. Museet dokumenterer også arbeidsprosessar knytt til flytting/oppbygging, restaurering og reparasjon av kulturhistoriske bygg, og bygging av sognebåtar. Det finst også intervju om lokale tradisjonar, skikk og bruk i Sogn innanfor ulike tema (sjå også under overskrifta Film og lyd).

### Magasin og bevaringstilhøve

DHS-SF har 5 gjenstandsmagasin i hovudbygningen. Det vert også oppbevart gjenstandar i ein bensinstasjonsbygning i Kaupanger som er ombygd til mellombels lager og i Raudenaustet, som museet leiger. I tillegg er det gjenstandar som er oppbevarte i lagerbygg på museumsområdet og på eigedomar vi eig andre stader.

## Nordfjord Folkemuseum

### Historikk

Nordfjord Folkemuseum er eit kulturhistorisk museum for Nordfjordregionen<sup>3</sup>. Museet er eit friluftsmuseum med 44 oppsette bygningar og utstillings- og administrasjonsbygg samla på museumsområdet i Jølet, og Holvikejekta i naust ved fjorden litt utanfor sentrum av Sandane. Til museet inngår også Mardaleigedomen, med bygningar som vert nytta som magasin.

Nordfjord Sogelag vart skipa i 1908, som det første sogelaget i Sogn og Fjordane, med føremål å skipa eit folkemuseum for Nordfjord. Etter ei tid med diskusjon om plassering, vart det i 1910 avgjort at museet skulle byggjast på Sandane i Gloppen kommune. Museet fekk av Gloppen heradsstyre ei tomt til rådvelde i Åsen, i utkanten av Sandane sentrum, i tillegg til tomt kring naustet på Øyrane der Holvikejekta stod og fortsatt står. Museet vart offisielt opna 25. juni 1920. Her vart det sett opp ni kulturhistoriske hus, og gjenstandssamlinga vart oppbevart i dei kulturhistoriske husa. Med ønskje om å utvide museet, vart plassen i Åsen for liten. I 1958 vart det fatta vedtak om å flytte Nordfjord Folkemuseum til Jølet, eit område nærare sentrum. Arkitekt Arne Berg arbeidde ut plan for friluftsmuseet og vart nytta som rådgjevar for friluftsmuseet i fleire tiår framover. I 1966 var flyttinga av alle ni husa frå Åsen til Jølet fullført. I løpet av dei neste tiåra vart ytterlegare 35 hus sette opp.

I 1975 vart det tilsett styrar og i 1981 vart det for første gong tilsett vitskapeleg personale. I 1995 vart nytt eldfast utstillings- og administrasjonsbygg med klimastyrte magasin, verkstader, kontor og publikumsområde opna. Museet kunne no ha heilårsope.

I fylkeskommunen sin Museumsplan for Sogn og Fjordane 1999–2002, vart det vedteke at for kystkommunane Bremanger, Selje og Vågsøy skulle Kystmuseet i Sogn og Fjordane ha ansvar for oppgåver som er spesifikt sjø-vende, medan andre oppgåver vart lagde til Nordfjord Folkemuseum. Vidare gav fylkeskommunen i museumsplanar for 1999–2002 og 2006–2010 Nordfjord Folkemuseum eit særleg ansvar for temaet vasskraft.

Fram til 2010 leigde fotoavdelinga ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane rom og magasin i kjellaren på administrasjonsbygget. Fotosamlinga vart flytt til Fylkesarkivet sine lokale på Hermannsverk i 2016. Fylkesarkivet har òg overteke forvaltninga av Nordfjord Folkemuseum si fotosamling.

Nordfjord Folkemuseum vart ein del av Musea i Sogn og Fjordane i 2009. Fram til 1. september 2018 var Nordfjord Sogelag eigar av Nordfjord Folkemuseum sine samlingar, då Nordfjord Sogelag overførte eigarskapen til Musea i Sogn og Fjordane.

### Gjenstandar

Allereie frå 1908 gjekk ein aktivt inn for å samle inn gjenstandar frå alle kommunane i Nordfjord til eit museum. Gjenstandssamlinga tel i dag ca. 25 000 objekt. I 2019 var 13 871 objekt registrerte i Primus. Samlinga inneheld gjenstandar knytte til hus og heim, landbruk og fjordbruk, handverk og husflid. Størsteparten av samlinga er frå 1700- og 1800-talet, men det er også gjenstandar frå vår nære fortid.

Ein innsamlingsplan vart vedteken for 2001–2003 der m.a. 1900-talet, vasskraft og el-kraft i kvardagslivet, «hol» i samling frå eldre tid og gjenstandar produserte og brukte i Nordfjord er nemnde, men planen understrekar at arbeid med å få oversyn over eksisterande samling må gjerast før ein kan kome med meir konkrete mål for innsamlinga. Det vart samla inn ein del elektriske apparat og installasjonar, mykje frå tidleg 1900-tal, ein del produsert i Nordfjord og/eller knytte til

---

<sup>3</sup> Dette omfattar kommunane Stryn, Gloppen, Bremanger, Stad (tidlegare Eid og Selje), gamle Vågsøy (frå 1.1.2020 del av Kinn kommune) og gamle Hornindal (frå 1.1.2020 del av Volda kommune i Møre og Romsdal fylke).

«elektrisitetsgründerar» i Nordfjord, samt elektriske apparat frå nyare tid brukte i Nordfjord. Etter 1999 har det generelt vore hovudvekt på opprydding, på å skaffe oversikt og difor etter måten lite tilvekst. Opprydding, revisjon, retrospektiv dokumentasjon og vurdering av deaksesjon er framleis ei satsing ved NFM, då behovet har vore og er stort.

Nordfjordbåtbygging er godt representert i samlinga med båtbyggjarverkstad og ein god del båtbyggjarreiskapar frå nordfjordbåtbyggjardistriktet Gloppen. I dei siste åra har NFM hatt auka fokus på dette temaet med artikkelskriving, utstilling, seminar og båtbyggjarprosjekt.

*Arkeologiske:* Det har vore arkeolog frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune som har sett på samlinga og levert aktuelle gjenstandar til Bergen Museum.

*Kunst:* Åtte måleri, nokre av kjente kunstnarar, elles seks amatørbilete. Objekta som er registrerte er innførte som kulturhistorisk «gjenstand». Sorterte og samla fysisk på magasin, men ikkje alt er gjennomgått og katalogisert. Uavklåra eigarforhold for eitt par av måleria.

### Foto

NFM si fotosamling vart flytt til Fylkesarkivet på Hermannsverk i 2016. Fotosamlinga er eigd av NFM. NFM har òg ei samling med 84 dias med presentasjon av tunet og bygningane til NFM utarbeidd til undervising av NFM i samarbeid med Pedagogisk Tenestekontor i Gloppen. I tillegg er det eit arkivskap med eit ukjend tal foto på papir.

### Film/lyd

NFM har leia produksjonen av dokumentasjonsfilmar om hardingfelebygging og kolmlebrenning. Desse er til sals. Filmsamlinga inneheld totalt 27 postar og inneheld i tillegg opptak av nordfjordbåtbygging og anna lokalthistorisk dokumentasjon, undervisningsfilmar med ulike tema, m.m. Opptaka er hovudsakleg produsert av andre. Lydsamlinga inneheld 32 postar, der mykje er kopiar frå NRK med programinnslag frå Nordfjord. I tillegg er det noko dokumentasjon av museumsdrifta og nokre intervju m.a. om bygging av nordfjordfæring.

### Arkivalia

Arkivmateriale knytt til Nordfjordhistoria. Organisasjonsarkiv, næringsliv, dokumentasjon, avisa «Nordfjord» (frå 1900 til 1942). 50 ulike privatarkiv og arkivalia knytt til objekt i museet sitt eige. Avisa «Firda Tidend» (frå 1924 til 2000) er deponert ved museet.

Her er mellom anna eit stort arkiv etter museumspersonane Petter Eide og Jacob Åland. Dette inkluderer sistnemnde sitt arbeid med bøker og skrifter om «Nordfjord frå gamle dagar til no». Forfatarretten og retten til å prenta nye utgåver, og den innkome som dette i tilfelle kan gje, vart gjeve til Nordfjord Folkemuseum i 1951.

### Bøker/periodika

NFM har eit fagbibliotek som ikkje er oppdatert dei seinaste åra. Fagbiblioteket er ordna etter Dewey-systemet og vart fram til 2015 registrert i Gloppen folkebibliotek sin database. NFM er i dialog med biblioteket om vedlikehald av databasen, men registrerer per i dag nye bøker i eit internt Excel-skjema. NFM sitt fagbibliotek fungerer først og fremst som eit fagbibliotek for tilsette. Publikum kan kome og lese i bøkene på museet, men museet driv ikkje utlån. NFM abonnerer på, og arkiverer, relevante tidsskrift og årbøker.

### Bygningar

I friluftsmuseet har Nordfjord Folkemuseum oppsett 43 kulturhistoriske bygningar frå 1600-, 1700- og 1800-talet, i tillegg til ein kopi av eit hjulhus. Det er bygd opp eit klyngetun for to brukarar med tilhøyrande hus, mellom anna med båtbyggjarverkstad i kjellaren på ei nystove. I tillegg til, og utanfor,

klyngetunet er det støl, smie, farger, skulestove, tettstadhus, fleire hus som har stått mellom innmark og utmark, og stove, stabbur og nystove på rekke. Alle bygningane er flytte til museet frå ulike plassar i Nordfjord. Det går ei elv med eit lite fall gjennom museumsområdet. Museet har i ein periode hatt fokus på vasskraft og har fungerande kvernhus, stampe, sag og hjulhus knytt saman av dammar og renner.

### Levande samlingar

I friluftsmuseet er det planta og veks det 64 epletre av 32 ulike eplesorter frå Nordfjord. Desse er registrerte i Genbanken. Ein handverkar ved NFM har så langt hatt ansvaret for drift. Museet har òg nokre georginer.

### Båtsamling

Ved fjorden utanfor Sandane sentrum er den 20 meter lange Holvikejekta stilt ut på same stad som ho låg i naust då ho var i bruk. Holvikejekta er unik. Av dei mange hundre jektene som segla med frakt til Bergen er ho den einaste klinkbygde jekta som er bevart i Noreg. Holvikejekta er bygd på staden av lokale jektebyggjarar.

Gloppen har vore eit senter for bygging av klinkbygde trebåtar, også dei mindre for årer og segl. Museet har 12 båtar i tillegg til Holvikejekta. Båtane er bygde frå ca. 1770 til 1950–60-talet. Dei fleste båtane er «nordfjordbåtar», fleire med kjent byggjeår og båtbyggjar. Båtane er i hovudsak tradisjonsbåtar bygd for årer og segl i ulike storleikar, nokre med særlege bruksområde som kyrkjebåt, skyssbåt og føringsbåt. Der er også ein notbåt, ein skipbåt (til Holvikejekta) og ein motorbåt bygd i Gloppen på 1950–60-talet.

### Immateriell kulturarv

NFM har hatt nokre dokumentasjonsprosjekt, m.a. om Kystgeita i Selje og nordfjordbåtbygging. Her er ein felemakarverkstad og gjennom museet er tilretteleggjar for utøving av immateriell kulturarv gjennom kurs av ulike slag.

### Magasin og bevaringstilhøve

Museet har fire klimaregulerte magasin i underetasjen på administrasjonsbygget. Magasina er eldfaste og sikra med alarm. Magasina er innreidde med hyller. I to magasin er det rullereolar. Magasina er ikkje eigna for store gjenstandar. Det er noko plass att i magasinane. Magasina har klima tilpassa ulike materiale, slik at oppbevaring av metall, glas og liknande er i eit magasin og organisk materiale i andre. Eit magasin har eiga innreidd avdeling med rullereolar og øskjer til tekstilsamlinga. Eit av magasinane er skriftarkiv.

Det er enno ei stor mengd gjenstandar, særleg store, som har dårlege og lite sikra oppbevaringstilhøve ute i ueigna hus.

## Sunnfjord Museum

### Historikk

Sunnfjord Museum vart opna i 1926, men innsamlinga starta alt ved skipinga av Sunnfjord Sogelag i 1910. Sogelaget hadde då som føremål å byggja eit museum som skulle «samla og verna um det som vitnar um liv og hendingar i farne tider». Ved opninga av museumstunet i Førde sentrum i 1926 hadde museet alt over 500 gjenstandar. Museet vart flytt til Movika i 1951 og frå 1977 vart det for første gong tilsett ein styrar ved museet. Eldfast kontor- og utstillingsbygg på museumsområdet vart ferdigstilt i 1980, og i 1983–84 om det til eit eige verkstadbygg. Sunnfjord Museum er i dag eit allment

kulturhistorisk museum med ei samling som reflekterer dagleglivet i Sunnfjord i tida etter reformasjonen og fram til i dag, med vekt på 1800- og 1900-talet.

Frå starten av hadde museet heile Sunnfjord, både kyst og innland, som sitt ansvars- og arbeidsområde. Da Kystmuseet i Sogn og Fjordane vart etablert i 1980 blei det innført ei funksjonsdeling, og Sunnfjord Museum avgrensa sitt område til kommunane i gamle Sunnfjord fogderi.<sup>4</sup> Gjenstandane som museet har frå kystkommunane har blitt verande i samlinga og blir forvalta av Sunnfjord Museum. Denne delinga vart formalisert i fylkeskommunen sin Museumsplan for Sogn og Fjordane 1999–2002. Museet fekk samtidig tillagt samordnings- og rådgjevingsansvar for handverk, handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv i fylket, noko som til ein viss grad har påverka samlinga.

Sunnfjord Museum har sidan 2009 vore ein del av Musea i Sogn og Fjordane. Samlingane til museet er framleis eigde av Sunnfjord Sogelag.

### Gjenstandar

Gjenstandssamlinga ved Sunnfjord museum er hovudsakleg samansett av kulturhistoriske gjenstandar brukt og gjerne produsert i Sunnfjord. Dei første fast tilsette ved museet hadde særleg god kunnskap om tekstilar og samlinga ber i dag difor preg av dette. Tekstilsamlinga er i dag ein av dei viktigaste delane av samlinga. Denne er godt dokumentert frå ulike tidsperiodar. Tekstilane i samlinga er hovudsakleg produserte i Sunnfjord der ein kan kjenna att særskild utforming knytt til dei ulike delane av regionen. SUM har òg ei større samling med tregjenstandar som representerer tradisjonen med Viksdalsmåling. Museet har vidare ei rekke eldre dekorerte tregjenstandar dekorert med svimerking, karveskurd og anna. Det er elles mykje metallgjenstandar, særleg støypte gjenstandar, i samlingane. I nyare tid er formidling i større grad vektlagt i innsamlinga, og det er difor òg tatt inn meir masseproduserte gjenstandar for å kunna formidla historia og dagleglivet i Sunnfjord. Barndom og ungdomstida har vore eit satsingsområde for innsamling dei seinare åra, ettersom dette er lite representert i den eldste delen av samlinga. SUM har elles nokre få kunsthistoriske gjenstandar, men ikkje arkeologiske eller naturhistoriske gjenstandar.

Museet har relativt godt oversyn over samlinga og kva som er lagra i dei ulike bygga. Største delen av gjenstandssamlinga er registrert i Primus med plassering, men per november 2020 manglar om lag 1/5 foto til identifisering.

### Foto

Den eldste delen av fotosamlinga til SUM er ei samling med ca. 300 portrettbilete i form av positivar. Det har seinare vore eit mål at det skulle samlast inn mindre portrett og meir situasjonsbilete frå dagleglivet i Sunnfjord. Største del av fotosamlinga til SUM er i dag frå Førde og Jølster. Her finst ein del originalar i form av glasplater frå fotografar som Elias Eide, Tollef Sandal og Nicolai Berg. SUM har òg ei samling med originalar etter Olai Fauske som hovudsakleg kom inn i arbeidet med bygdebok for Førde, i tillegg til nokre gjenstandar frå fotostudioet hans. Hovuddelen av Fauskebileta er likevel overtatt av Fylkesarkivet etter eit samarbeid med om digitalisering av Fauskebileta i 2016 og 2017. Alle kulturhistoriske foto i samlinga til SUM er registrerte i Primus, men berre om lag 20 % er digitaliserte. Samlinga er hovudsakleg negativar og dias, og i noka grad positivar. Desse vert per i dag ikkje oppbevarte under ideelle forhold.

---

<sup>4</sup> Frå 1.1.2020 omfattar dette kommunane Fjaler og Sunnfjord (tidlegare Førde, Gaular, Jølster og Naustdal)



## Film/lyd

SUM har i lita grad kulturhistorisk materiale i form av film eller lyd. Det som finst er knytt til mindre dokumentasjonsprosjekt i samarbeid med andre institusjonar. Dette materialet er for det meste samla på CD-ar. I tillegg er det gjort noko dokumentasjon av museumsdrifta.

## Arkivalia

SUM har i lita grad tatt inn privatarkiv frå lag og organisasjonar pga. mangel på lagringsplass. Det vart ei tid oppbevart noko materiale for Fylkesarkivet, men dette er no levert tilbake. Det er likevel nokre øskjer med arkivmateriale etter Øens Prent og noko arkivmateriale etter Sunnfjord ungdomslag, Sunnfjord songarsamlag, Sunnfjord sogelag og Sunde grendelag. SUM har i nokre tilfelle òg tatt inn enkelte gjenstandar knytte til organisasjonslivet i Sunnfjord, m.a. ei fane som vert deponert ved museet.

## Bøker/periodika

SUM har ei mindre samling med kulturhistoriske bøker. Denne er prega av innleverte boksamlingar etter enkeltpersonar, m.a. misjonærar og liknande. Det er fleire biblar og salmebøker, men òg ein del skulebøker. Hovuddelen av samlinga er gjennomgått og sortert, og det er avhenda enkelte dubletter. Skuleboksamlinga er førebels ikkje gjennomgått. Bøkene er førebels ikkje registrerte i Primus.

SUM har vidare eit fagbibliotek som vert drive i samarbeid med Førde bibliotek. Nye bøker vert registrerte av Fylkesbiblioteket og innlemma i samlinga til Førde bibliotek, som òg organiserer utlån.

## Bygningar

Den tidlege innsamlinga ved SUM var prega av at ein ønskte å verna eldre bygg i Sunnfjord, der Østenstadstova vart tatt inn alt i 1913. Fleire av bygga som tidleg vart innlemma i samlingane var i dårleg stand, ettersom dei ikkje lengre var i bruk og stod til nedfalls. Museet manglar dokumentasjon på korleis desse bygga vart tatt ned og kva vedlikehald som vart gjort då bygga kom til museet. Då museet vart flytt til Movika i 1951 vart det vedtatt å setja opp eit tobølt klyngetun med tilhøyrande bygningar i tilknytning til husmannsplassen. Det har vidare vorte drive aktiv innsamling til dette tunet. Seinare har det òg kome til eit loft, ei nystove, ei skulestove og eit bustadhus som er plasserte på museumsområdet, men ikkje som del av klyngetunet. Nystova vart opphavleg tatt inn som eit visingshus, men er i dag rekna som ein del av bygningssamlinga. Det har vore planar for eit tun som syner småbruk i Sunnfjord etter utskiftinga, i tillegg til ein ny husmannsplass i tilknytning til vatnet. Bygga til husmannsplassen ligg lagra, men det er førebels ikkje samla inn bygg til 1900-talstunet. Den sist utarbeidde drifts- og skjøtselsplanen for Sunnfjord Museum er frå 1995, då det òg vart sett opp ein støl på oversida av tunet.

## Levande samlingar

I arbeidet med drifts- og skjøtselsplanen på midten av 1990-talet vart det lagt planar for vern av kulturlandskapet rundt den opphavlege husmannsplassen i Movika og den nye stølen. Museet har vidare arbeidd etter denne planen med vern av kulturlandskapet.

I tilknytning til klyngetunet er det etablert ein geiteflor. Ura ved sida av har etter kvart vorte omgjort til ein urtehage med kulturhistoriske plantar som òg vert brukt i formidling, t.d. om plantefarging. Urtehagen inneheld om lag 50 artar og har etter kvart vorte ein demonstrasjonshage og lærearena for Førde Hagelag. Rundt Halbrendshuset er det òg eit hageanlegg som ved vedlikehald av museet. Det føreligg planar for vidareutvikling av dette.

## Båtsamling

SUM har ei lita båtsamling med ein føringsbåt, ein seksæring, fire færingar og ein slagkeiping, der tre har dokumentert tilknytning til Sunnfjord medan dei andre er meir usikre. Alle båtane er registrerte i



Primus og to av dei er flytte til mellombels båtmagasin før dei etter kvart skal til Angedalen. Resten av båtane vert oppbevarte i naust på museumsområdet under lite tilfredsstillande forhold.

### Immateriell kulturarv

I arbeidet med museumsplanar for Sogn og Fjordane 1999–2002 og 2006–2010 vart Sunnfjord Museum tillagt samordnings- og rådgjevingsansvar for handverk, handlingsboren kunnskap og immateriell kultur i fylket. Dette er diverre ikkje følgt opp med løyvingar frå fylkeskommunen, men SUM har arbeidd jamt med dokumentasjon av ulike sider av den immaterielle kulturarven. Det gjeld mellom anna tegerfletting, neverflekking, rivetinding, lagning av tiner i Viksdalen, pynting med Kvamssølvvet, for å nemna noko. SUM har lagt vekt på å bruka denne kunnskapen i formidlinga ved museet.

### Magasin og bevaringstilhøve

SUM har per i dag ikkje magasin til lagring av gjenstandar og foto. Fotosamlinga og den mest sårbare delen av gjenstandssamlinga vert lagra i administrasjonsbygga til museet, to betongbygg frå 1980-talet, men diverre med mykje større svingingar i temperatur og luftfukt enn det som er tilrådd. Hovuddelen av gjenstandssamlinga er utstilt eller lagra i kulturhistoriske bygg med svært store svingingar i temperatur og luftfukt. Desse utfordrande forholda gjer at museet langt på veg har hatt inntaksstopp dei siste ti åra, ettersom museet ikkje kan sikra samlingane etter tilrådd standard. Det er likevel gjennomført tiltak for å sikra gjenstandar og foto så godt som mogleg under rådande forhold, med nedpakking etter tilrådd standard og plassering i hyller.

## Kystmuseet i Sogn og Fjordane

### Historikk

Kystmuseet i Sogn og Fjordane vart stifta i 1980 som eit kultur- og naturhistorisk museum for åtte kystkommunar i Sogn og Fjordane (Gulen, Hyllestad, Solund, Askvoll, Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje) og med Flora som vertskommune. Inn i stiftinga gjekk ei båtsamling og eit sildesalteri (Bataldebua) frå Sunnfjord museum. Desse vart lagra i Florø då museet flytta frå Førde til Movika i andre halvdel av 1950-talet. Inn i stiftinga gjekk og ei gjenstandssamling frå Florø Bymuseum. Med denne gáva vart det etablert ein praksis om at Kystmuseet skulle ha eit særskilt ansvar for Florø by si historie.

Kystmuseet kom som eit resultat av fleire forsøk på å etablere museum i regionen. Ideen om eit sjøbruksmuseum for Kinn kommune vart på 1970-talet utvida til å femne om heile kysten av Sogn og Fjordane. Samstundes vart temaet sjøbruk utvida til å gjelde den kulturhistoriske heilskapen som ligg i omgrepet kystkultur. I 1985 flytte museet inn i nye bygg på Brendøya i Flora kommune.

Kystmuseet vart etablert ut frå tanken om eit økomuseum, eit desentralisert museum med bygningar og anlegg bevart i sin opphavlege kontekst. I løpet av dei første 20 åra tok museet ansvar for anlegg i fem av dei den gong åtte kystkommunane i tidlegare Sogn og Fjordane.

Frå 2009 har Kystmuseet i Sogn og Fjordane vore ein del av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Kystmuseet er i desse dagar i ferd med å overføre eigedomane sine til MiSF. Frå 01.01.2021 er Musea i Sogn og Fjordane eigar av bygg og samlingar, med unntak av nokre kommunalt eigde anlegg.

### Gjenstandar

*Kulturhistorie:* Den kulturhistoriske gjenstandssamlinga er estimert til 18 200 gjenstandar, 6850 av desse er registrert i Primus, 1165 er publisert på Digitalt Museum. Samlinga består

av einiskilde gjenstandar og gjenstandssamlingar, m.a. tre dødsbu. Sidan Kystmuseet er ein relativt ny institusjon har ikkje museet noko eldre samling eller innsamlingspolitikk å ta omsyn til. Kystmuseet har ikkje laga nokon eksplisitt innsamlingsplan, men har samla inn i høve til vedtekter og til regionale museumsplanar. I følgje vedtektene skulle Kystmuseet *i vid forstand ta vare på, fremje og utvikle kystkulturen*. I følgje museumsplan for Sogn og Fjordane skulle Kystmuseet ha eit tematisk fylkesansvar for kystkultur med vekt på det maritime. Museet har fleire samlingar som har følgd med dei maritime anlegga som Kystmuseet har tatt imot og som er bevart i miljøa der dei høyrer heime. Til dømes inneheld Lisetbua i Kalvåg fleire tusen gjenstandar som hører til ei allsidig maritim næringsverksemd som hadde sjøbua som base. Museumsplanen gav og Kystmuseet oppgåva med å vidareføre samordnings- og rådgjevaransvar for kystkultur og fartøyvern i fylket.

*Kunst:* I og med Kystmuseet sitt særskilte ansvar for Florø si byhistorie og med Flora som vertskommune tok museet i 2006 i mot den testamentariske gåva frå Bjørn Hegrans, kunstnarheimen Jotun. Etter at han døydde i 2011 arva museet innbuet og kunstsamlinga. Kunstsamlinga består av 2 750 verk, 480 av desse er registrerte i Primus og 455 er publiserte på Digitalt Museum.

*Naturhistorie:* Den kystøkologiske samlinga består av 56 utstilte objekt, utstoppa dyr og fuglar. Denne samlinga har kome til ved eit samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

#### Foto

Samlingane til Kystmuseet femner om einiskilde foto og fotosamlingar som alle har motiv frå livet på kysten av Sogn og Fjordane frå slutten av 1800-talet og framover. Samlingane, 11 i alt, er organiserte etter kjeldeskapar – fotograf og/eller eigar. Samlingane tel om lag 7 700 fotografi, 2642 av desse er registrerte i Primus og 151 er publiserte på Digitalt Museum.

#### Film og lyd

Kystmuseet har ei filmsamling på 24 rullar knytt til Florø, m.a. til by-jubileet i 1960. Desse er digitaliserte og deponerte til Nasjonalbiblioteket, dels som eit samarbeid med Fylkesarkivet. Museet har ei samling av om lag 20 kassettar med intervju som bør digitaliserast.

#### Arkivalia

Kystmuseet har ei privatarkivsamling på om lag 20 hyllemeter. Desse er ordna etter arkivskapar, 25 i talet. Arkiva er registrerte i Excel.

#### Bøker/periodika

Biblioteket er ikkje registrert i biblioteksystem og er såleis ikkje tilgjengeleg til utlån.

#### Bygningar

Den kulturhistoriske bygningsmassen femner både om bygg som står i sitt opphavlege miljø og bygg som er flytta til museumsområdet i Florø. Kystmuseet har anlegg i fire av dei sju kystkommunane i tidlegare Sogn og Fjordane fylke (Gulen, Hyllestad, Kinn og Bremanger). Det største av desse er den vedtaksfreda handels- og gjestgjevarstaden Vågsberget i Kinn kommune, der kommunen eig bygga medan Kystmuseet har forvaltingsansvar for anlegget. Anlegget har ein bygningsmasse på sju bygg, frå om lag 1800 og med røter tilbake til 1600-talet. I Bremanger har Kystmuseet ei sjøbu og eit sildesalteri, som representerer eit tverrsnitt av allsidig kystrelatert næringsverksemd i området. I Florø eig Kystmuseet kunstnarheimen Jotun med hageanlegg og interiør. Vidare har Kystmuseet ei sjøbu i Hyllestad og eit skulehus i Gulen. Kystmuseet har flytta bygg til museumsområdet i Florø, sjøhus,

bustadhus og mekanisk verkstad med smie og slipp. Dei fleste av desse blei flytta av di dei skulle rivast. 23 bygningar er registrerte i Primus.

### Levande samlingar

På ein del av museumsområdet i Florø, Brendøya, finst eit autentisk kulturlandskap. Her var det eit småbruk som var i drift fram til 1970. Det er framleis rester etter lynghei, enger og strukturar som gjerde, murar og vegar i området. Det er utarbeidd skjøtselsplan for området, med landskapspleie ved hjelp av beitedyr. Området er i dag eit statleg verna friluftsområde. Kystmuseet har to hageanlegg, eitt i Florø ved kunstnarheimen Jotun etablert på 1960-talet. Her er det forvaltingsplan under utarbeiding. På Vågsberget er det eit parkanlegg med rester av eit eldre hageanlegg avgrensa med tørrmur.

### Båtsamlinga

Båtsamlinga består av 96 farkostar, inkludert eitt flytande fartøy. Samlinga består av båtar som har vore bygde og/eller brukte langs kysten av Sogn og Fjordane. Av tradisjonelle båtar finst ulike storleikar og variantar av sunnfjord- og nordfjordbåt. Det finst òg nokre båtar som har vore bygde og brukte i ytre Sogn. Vidare inneheld samlinga større båtar frå overgangsfasen mot motorbåtar, spissstevningar og gavlbåtar. Vi har nokre få døme på motorbåtar og eit par reine fritidsbåtar. Tresjarken Juno og plastsjarken Hugin er tatt inn i samlinga med ønskje om å bruka dei som sjøgåande fartøy. Desse står for tida på land. Juno er utlånt til eit prosjekt innan rusmiddelomsorga i Florø. Sognejekta Svømmanianna ligg førebels i eit vernebygg på museet.

### Flytande fartøy

Det havgåande fiskefartøyet Haugefisk er i drift og med sertifikat for verna fartøy, sertifisert for 36 passasjerar. Haugefisk har ei aktiv veneforeining som har ansvar for drifta.

### Immateriell kulturarv

Museet legg også vekt på den immaterielle kulturarven ved formidling av ulike handverk gjennom kurs, til dømes lafting, grindverk, smiing, seglmakarverksemd og maritime knutar. Vi har og formidlingsopplegg for barn om båtbruk, roing, fiske osb.

### Magasin og bevaringstilhøve

Magasintilhøve for gjenstandar i museumsbygga på Kystmuseet er avgrensa til lokale som var tenkt til utstillingslokale, lager, vaskerom, osb. Store deler av gjenstandssamlinga er lagra i ein leigd driftsbygning og i kulturhistoriske bygg ved dei ulike besøksstadene til museet. Det same gjeld for delar av båtsamlinga der vi òg har tatt i bruk telt utandørs. Kunstverk, arkivalia og foto er førebels magasinerte i museumsbygga i Florø.

## Norsk Reiselivsmuseum

### Historikk

Norsk Reiselivsmuseum vart etablert som ei sjølvstendig stifting i 1986, men hadde eit anna namn: Vestnorsk Reiselivsmuseum (1986–2001). I 2001 skifta stiftinga namn til Norsk Reiselivsmuseum og fekk dermed eit breiare, nasjonalt fokus. Det vart allereie i 1981 vurdert at i tillegg til å sikre reiselivshistoria musealt, var det viktig å få dokumentert og arkivert bransjekunnskapen.

Frå 1993 vart museet administrert frå nærliggande næringsbygg med utstillingar i dei kulturhistoriske bygga på kaien.

Då Norsk Reiselivsmuseum i 2004 og 2005 fekk løyvd midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Balestrand kommune, vart fokuset retta mot å få reist nytt hovudbygg. Dette vart opna 29. april 2016. Med dette vart kapasiteten og standarden auka betrakteleg, for det som er både eit nasjonalt kunnskapssenter og lokal attraksjon.

### Gjenstandar

Norsk Reiselivsmuseum sine samlingar består av fleire typar reiserelaterte gjenstandar. Døme på desse kategoriane er gjenstandar knytte til konkrete historiske reiselivsaktørar, suvenirar og andre minnegjenstandar, utstyr knytt til ulike ferietypar, postkort, feriebilete, historiske reiseskildringar og historiske reiseguidar. Det er òg samla inn nokre gamle brosjyrar og rutetabellar. Samlinga inneheld ein god del gjenstandar knytte til servering og kjøken, samt noko møblar. Museet har hatt eit ynskje om å sikre ei stor og brei samling av suvenirar.

Ein liten del av denne samlinga er registrert i Primus, så mykje arbeid står att før det er god oversikt i museums magasinet.

### Foto

Fotosamlinga har i all hovudsak relevans til reiseliv. Det finst gamle foto frå hotell og overnattingstilbod, museum og attraksjonar, aktivitetar både sommar og vinter, samt av byar og landskap. Det finst òg foto av gamle reiselivsplakatar frå Nasjonalbiblioteket med fritt løyve til bruk.

Mange av fotoa er digitaliserte postkort, både frå dei tidlegaste korta med helsingar og kort av nyare dato. Postkorta vart synlege prov på eller ei tydeleggjering av korleis det å reise var «annleis» - den lyfta reising til eit anna nivå. Denne samlinga består av fotosamlingar donerte eller kjøpte inn til NRM, og ein betydeleg del av dei vart skaffa i arbeidet med det nye bygget – dokumentasjonsfoto. Det vert arbeidd med å få full oversikt over omfang og innhald i samlinga.

### Film/lyd

Museet har kjøpt inn ein del kortare filmar innanfor tema reiseliv. Desse er lagra på eigen harddisk.

I tillegg er det ei samling av lydopptak frå eit innsamlingsprosjekt bestående av intervju gjort med 65 reiselivsaktørar frå ulike delar av landet.

Filmsamlinga består av videoklipp nytta i auditoriets filmsyningar, samt digitale kopiar av historiske opptak. Sistnemnte utgjer omkring 10 GB. Dei inkluderer korte opptak av Wilhelm II sine besøk i Noreg, ferieopptak, klipp frå filmaviser og liknande.

### Arkivalia

Norsk Reiselivsmuseum har overteke arkiva til Vestnorsk Reiselivsmuseum, men dette er den einaste arkivsamlinga som ikkje er knytt direkte til det noverande NRM.

Museet har 65 intervju med norske reiselivsaktørar som representerer attraksjonar, organisasjonar, overnattingsstader, reiseoperatørar, transport, cruisetrafikk, internasjonale samarbeid, «grindagutar», infrastruktur, produksjon og sal av suvenirar og marknadsføring.

Innsamla forteljingar strekker seg frå starten av kommersiell flytrafikk frå Fornebu etter 2. verdskrig, samt gjenreising av Finnmark der den fyrste turistsjefen måtte nytte beltebil i jobben, og fram til satsingar i 2011.

Intervjua er lagra hjå Fylkesarkivet.

## Bøker/periodika

Samlinga har fokus på reiseliv og tema knytte til dette. Den historiske samlinga er på omkring hundre bøker, i hovudsak reiseforteljingar og reiseguidar. I tillegg er det ei omfattande samling av Den Norske Turistforeining sine årbøker, fleire lokalhistoriske periodikasamlingar, samt museumsårbøker. Biblioteket og boksamlinga på Norsk Reiselivsmuseum er ikkje bemanna, og gjester har berre høve til å nytte tilbodet i bygget.

Biblioteksamlinga er på omlag 50 hyllemeter, og vert kartlagt og katalogisert.

## Bygningar

Den kulturhistoriske bygningsmassen består av det gamle dampskipsekspedisjonsbygget, *Kaihuset* som vart kjøpt inn i 1986. Eigarar var Ragnvald Kvikne og Anna Kvikne Holen. Bygget vart truleg reist kring 1890.

*Bom-Bom* er neste bygg i rekkja på kaien. Det vart bygd i etterkant av siste byggefasa av det gamle Kviknes hotell, mellom 1913 og 1915. Det vart nytta som barber-/frisørsalong for turistar på 20-talet, seinare som sommarbustad og losji for jenter som arbeidde ved hotellet.

Til sist, *Cooperhuset*, ein drakestilvilla bygd som atelier og bustad for den engelske kunstnaren Alfred Heaton Cooper i 1905. Dette bygget husar i dag utstillinga om kunstnarkolonien i Balestrand spesielt og kunstnarkoloniar i Europa generelt. Huset er innreidd med kjøken, bad og med sove- og opphaldsrom i andre høgda.

Begge desse husa vart stilt til disposisjon for museet av Mulla Kvikne i 1992, mot vedlikehald.

## Magasin og bevaringsforhold

Norsk Reiselivsmuseum har eit magasin på 62 m<sup>2</sup> i nybygget frå 2016. Målingar av luftfuktigheit var i 2018 tilfredstillande. Innreiinga er ikkje tilfredsstillande for utnytting av plassen.

## Norsk Kvernsteinsenter

### Historikk

Nord-Europas største steinbrotlandskap for produksjon av kvernstein i vikingtida og mellomalderen, var aktivt til ca. 1930, då det ennå hadde ca. 10 % av marknaden for kvernstein i Noreg. Det dekker eit område på ca. 10 kvadratkilometer i den litle kystkommunen Hyllestad. Det er nominert til UNESCO verdsarv (på den tentative lista til verdsarv). Ein lokal historikar begynte å skrive om kvernsteinsbrota på ca. 1960- og 70-talet, men ein trudde då at brota kanskje var nokre få hundre år gamle. Forsking på 2000-talet viste at nokre av brota kan daterast til ca. 700–800-talet, og dei fleste er frå før 1537, slik at dei er automatisk freda. Utandørsmuseum/visingscenter vart etablert i kommunal regi ca. 2000. Fleire grindbygningar er oppførte i kommunal regi for formidlingsformål, og senteret vart del av MiSF frå 2013. Det er einaste museum for gamle (historiske, forhistoriske) steinbrot i Skandinavia med fast tilsette fagfolk. NKS er ikkje ansvarleg forvaltar av landskapet. Ansvar er ligg hos Riksantikvaren, fylkeskommunen og kommunen. NKS samarbeider tett med desse for best mogleg forvaltning. Norsk Kvernsteinsenter har lange prosjekt innan kartlegging og forvaltning, med middel frå bl.a. Riksantikvaren.

## Gjenstandar

Senteret har ingen egne gjenstandar, men mange gjenstandar på utlån frå Bergen Sjøfartsmuseum (forliste skipslaster med kvernstein og brynestein, stort sett frå mellomalderen, ca. 600 objekt), samd ein del lokale gjenstandar, som ein steinslede.

## Foto

Samling av foto (ikkje ordna) på egne serverar frå gjenoppdaginga av kvernsteinslandskapet sidan 1960–70-talet.

## Film/lyd

20+ små filmar (stort sett frå NRK) frå gjenoppdaginga sidan 1960–1970-tallet.

## Arkivalia

Mange dokument i papirform og på egne serverar frå gjenoppdaginga på 1960–1970-talet. Det er ikkje ordna.

## Bøker/periodika

NKS har eit lite bibliotek som omhandlar stein- og kvernsteinshistoria. Det er ikkje registrert/ordna.

## Bygningar

Senteret har to større og fire mindre grindbygningar i Kvernsteinsparken som er eigd av Hyllestad kommune. Det dreier seg om kalde bygningar, alle i god stand, sette opp mellom 2001 og 2006. Ein driftsavtale mellom MiSF og kommunen regulerer bruken og ansvaret.

## Immateriell kulturarv

NKS ber to spesifikke tradisjonshandverk: kvernsteinsproduksjon og kalkproduksjon.

NKS ber den immaterielle kulturarven innan historisk uttak, hogging og bruk av kvernstein, til dømes gjennom eksperimentell arkeologi. NKS vernar og dokumenterer alt innan feltet.

NKS har også arbeid med tradisjonell kalkbrenning med bakgrunn i at det var ein kalkomn på Smilla i Hyllestad frå ca. 1890 til 1940-talet. Det er bygt ut infrastruktur for tradisjonell kalkbrenning der arbeidet er gjort på bygdedugnad med støtte frå Riksantikvaren. NKS var per 2020 eitt av fire norske museum som arbeidde med kalkbrenning.

## Magasin og bevaringstilhøve

Kvernsteinslasta blir oppbevart i ein grindbygning. ROS-analysen viste at sikkerheita bør oppgraderast (brannsikkerheit, lås). Dette skal utførast i løpet av dei komande åra.

## Sogn og Fjordane Kunstmuseum

### Historikk

Sogn og Fjordane Kunstmuseum (SFKM) er ei vidareføring av Fylkesgalleriet i Sogn og Fjordane (skipa i 1987) og Sogn og Fjordane Kunstnarsenter (opna i 1983). Museet fekk sitt noverande namn i 2000, og i 2012 flytta museet inn i det nybygde kunstmuseet i Førde. Sogn og Fjordane Kunstmuseum har ansvar for regional kunsthistorie frå om lag 1900 og fram til i dag, formidling av samtidskunst og informasjon om kunstnarar. Museet produserer basisutstillingar med kunst frå egne samlingar, skiftande utstillingar med samtidskunst og pedagogiske tilbod til skulane.

## Gjenstandar

Samlinga ved SFKM tel 1181 kunsthistoriske gjenstandar, biletkunst og kunsthandverk, frå om lag 1900 og fram til i dag. Den har eit regionalt og nasjonalt tilsnitt med hovudtyngde frå tida etter 1970, og er i hovudsak bygd på overføringar frå Norsk Kulturråd (1988–2006) og egne innkjøp, særleg frå eigen utstillingsaktivitet (1987 til i dag). Slik dokumenterer museet òg eiga verksemd over år. Alle verka er registrerte i Primus.

## Foto

SFKM har eit lite analogt fotoarkiv frå egne utstillingar og av verk av regionens samtidskunstnarar. Til saman om lag 3 arkivskuffer. Frå og med tidleg 2000-tal har slike foto vorte tekne og lagra digitalt. Vi har òg gamle polaroidfoto av samlinga.

## Arkivalia

SFKM har utstillingsarkiv, kunstnararkiv og arkiv over eiga verksemd. Dette er analogt og digitalt materiale som ikkje er registrert i noko arkivsystem.

## Bøker/periodika

SFKM har eit handbibliotek med ymse kunsttidsskrift, katalogar og bøker. Vi har bytteavtale med ein god del andre norske kunstmuseum. Ein gong før 2002 var Fylkesbiblioteket inne i bildet og registrerte bøkene i sitt system slik at desse kunne lånast ut via dei. Biblioteket har seinare vorte førte i ei liste som er tilgjengeleg frå SFKM sine heimesider. I 2020 starta eit arbeid med å få bøkene registrerte i den gratis bokdatabasen Librarything etter enkel deweyklassifisering, og slik gjera katalogen open tilgjengeleg via nettstaden librarything.com. Resten av dette arbeidet er førebels sett på vent pga. manglande personalressursar til arbeidet. Biblioteket vert per i dag hovudsakleg nytta av dei tilsette, men er ope for andre etter avtale.

## Bygningar

Museet sin driftsbygning frå 2012 er eigd og drifta av Vestland fylkeskommune.

## Magasin og bevaringstilhøve

Magasinet til SFKM er eigentleg ein utstillingssal, då bygget frå 2012 vart ført opp utan magasin, i påvente av eit fellesmagasin for musea i fylket. Magasinet har eit areal på ca. 150 m<sup>2</sup> og er allereie meir enn fullt. Magasinet er innreidd med skyveveggar, grafikkskap, metallhyller, metallskap og pallehyller. Magasinet er klimaregulert og har tilgangskontroll. Museumsteknikar ved SFKM har konserveringskompetanse innanfor måleri. Eit rom nær magasinet er sett av for at han skal kunne drive med enkel konservering av dei kunsthistoriske gjenstandane.

## Astruptunet

### Historikk

Sandalstrand, som i dag er best kjent som Astruptunet, var heimen til Nikolai Astrup (1880–1928) i 15 år. Kunstnaren kjøpte den gamle husmannsplassen i september 1912 for å bruke eigedomen som utmark, men etter ein konflikt med grunneigaren på Myklebust, der Astrup og familien hadde budd sidan 1911, flytte han til Sandalstrand i januar 1913. Astrup skapte seg ein eventyrleg plass, og på 1920-talet byrja han å sjå seg nøgd med sine «hænders gjærninger». Engel Astrup budde på Sandalstrand etter mannens død i 1928, heilt fram til året ho døydde i 1966. Året før selde ho anlegget til Jølster kommune, og i avtalen frå 1965 fylgde alt av lausøyre og kunstverk som var tilhøyrande Astruptunet salet til den nye eigaren. Kommunen forplikta seg dessutan til «å halda ved like Astruptunet – eigedom, hus og alt som avtalen gjeld», med særleg vekt på at innreiinga av husa skulle

vere slik som då Nikolai Astrup levde – «så langt det er ynskjeleg». Sjølv hadde Engel Astrup drive tunet nærast som eit museum sidan 1930-talet. Astruptunet vart offisielt opna som museum med nytt galleri i 1986. Tunet og samlingane er eigd av Sunnfjord kommune, medan MISF står for den kunstfaglege drifta.

### Gjenstandar

Kjøpsbuget inkluderte den unike samlinga av Astrups trykkplater. Sidan museet opna, har Astruptunet teke i mot fleire sjenerøse gåver og deponi frå Astrup-familien, Gjensidige, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Sunnfjordlaget i Bergen og fleire private eigarar. I 1991 vart 51 verk frå den tidlegare Reksten-samlinga kjøpt via fylkeskommunen i Sogn og Fjordane. I tillegg til dette har museet fleire tekstilarbeid, blant anna to faner som er måla av Nikolai Astrup og åtte vevnadar etter kunstnarens design. Kunsthistoriske gjenstandar etter Nikolai Astrup tel per i dag 350. Alle er registrerte i Primus. Det er per no registrert til saman 387 billedkunst- og design-gjenstandar i Astruptunet i Primus. Desse er av NA, EA og nokre få andre kunstnarar. Samlinga huser òg trykkeutstyret og eit utval av Engel Astrups tekstilkunst. Ein del av dette materialet er ikkje registrert. Tunet inneheld om lag 300 kulturhistoriske gjenstandar som vart registrerte på kartotekkort på slutten av 1980-talet. Gjenstandane vart minimumsregistrerte i Primus i 2020, nokre med meir utfyllande opplysingar.

### Arkivalia

Museet har ei arkiveske med Nikolai Astrup sine brev eigd av Sunnfjord kommune. Brev er fotograferte og digitaliserte av Astrupsenteret ved KODE Bergen. Nokre av dei er òg transkriberte.

### Bygningar

Astruptunet er eigd av Sunnfjord kommune. Sjølve tunet består av 4 kulturhistoriske bygningar; Bestastova, Kjøkenstova, Gamlestova og hovudhuset (sett saman av fleire gamle stover frå bygda) og ein driftsbygning; «Fjøsene», galleriet bygd i 1986. I tillegg er det ein sommarfjøs noko lengre oppe i lia som høyrer til tunet og er ein del av samlinga.

### Levande samlingar

Astruptunet inneheld levande samlingar som er sett saman av kulturhistoriske landskapselement som torvgardar/dyrkingsterrassar, hageanlegg, samt planter med naturhistoriske kvalitetar som for eksempel gamle frukttre, rabarbra og andre nytte- og prydevekstar. Hagehistorikar og landskapsarkitekt Ingeborg Mellgren Mathiesen har, på oppdrag frå dåverande Jølster kommune og Sparebankstiftelsen DNB, registrert Nikolai Astrup sin gardshage. Tiltak for å sette den i stand vart i 2020 starta med å rydde innmark og leie vatn i øvre del, samt bakkemur med fylkesveg og arbeid på tak og mur på Bestastova. Det er Sunnfjord kommune som har ansvar for og steller gardshagen på Sandalstrand.

### Magasin og bevaringstilhøve

Magasinet ved Astruptunet er delt av frå utstillingssalen i kjellaren. Det er på om lag 14 m<sup>2</sup> og innreidd med enkle trehyller. Magasinet er ikkje klimaregulert.

### Eikaasgalleriet

#### Historikk

På tidleg 1990-tal ga biletkunstnar Ludvig Eikaas (1920–2010) ei samling av sine verk til Jølster kommune. Det gamle meieriet på Ålhus vart kjøpt og bygd om til eit moderne kunstgalleri, og vart opna for publikum i 1994. Eikaasgalleriet og samlinga er no eigd av Sunnfjord kommune, medan MISF står for den kunstfaglege drifta.



## Gjenstandar

Samlinga vart donert til Jølster kommune av Ludvig Eikaas. Den omfattar no over 870 kunsthistoriske gjenstandar i ulike teknikkar; grafikk, maleri, skulptur, trykkplater, collage, readymade, m.m. Nokre av dei temaa Eikaas stadig vende attende til var dyr, stilleben, urbanitet og abstraksjon, bylivet, mediarelaterte og tekstbaserte verk, sjølvportrett, portrett av familie, kunstnarar og mesenar, arbeidsliv- og typeskildringar, musikk og kjende musikarar. Om lag ein tredjedel av samlinga er portrett. Alle er registrerte i Primus.

## Foto

356 kulturhistoriske fotografi gitt av sonen Stig Eikaas i 2008; fotografiske portrett av kunstnaren, reprografi av kunstverk og fotografi frå utstillingar. Alle er registrerte som fotografi i Primus.

## Arkivalia

60 brev, vitnemål og andre ymse dokument registrerte som kulturhistoriske gjenstandar i Primus. Gitt av sonen Stig Eikaas i 2008.

## Bygningar

Eikaasgalleriet er eigd av Sunnfjord kommune.

## Magasin og bevaringstilhøve

Magasinet i Eikaasgalleriet er på om lag 20 m<sup>2</sup>. Det er innreidd med enkle trehyller og 2 grafikkskap. Magasinet er ikkje klimaregulert.

## Sogn Kunstsenter

### Historikk

Biletkunstnaren Hans Gjesme (1904–1994) donerte kunsten sin til Lærdal kommune rett før han døydde. Ut ifrå det vart Gjesmegalleriet etablert i 1998 i den gamle «Telegrafan» i Lærdal. I 2011 vart Sogn Kunstsenter bygd, som eit påbygg til Norsk Villakssenter, for å huse Gjesmesamlinga. Sogn Kunstsenter og samlinga er eigde av Lærdal kommune, medan MISF står for den kunstfaglege drifta.

### Gjenstandar

Samlinga omfattar særleg mange landskap og portrett, skisser og ferdige arbeid, i ulike teknikkar som teikning, maleri, akvarell, pastell og skulptur. Samlinga tel per i dag 1549 kunsthistoriske gjenstandar som er registrerte i Primus, men om lag 3000 skisser og teikningar har ikkje fått eigne registreringsnummer. Om lag 2/3 manglar foto i Primus og enda fleire manglar trykkkvalitetsfotografi. Samlinga vart fotografert med lysbilete i 1994, men desse er av særleg dårleg kvalitet.

### Foto

Lysbilete av samlinga.

### Arkivalia

Ei lita eske med materiale om Gjesme.

### Bygningar

Sogn Kunstsenter er eigd av Lærdal kommune.

### Magasin og bevaringstilhøve

Hovudmagasinet i Sogn Kunstsenter er på om lag 38 m<sup>2</sup>. Det er innreidd med skyveveggar for oppheng av maleri, grafikkskap og metallskap. Skyveveggane har vist seg å vere av dårleg kvalitet og må truleg

skiftast ut. Rommet utanfor på 24 m<sup>2</sup> er eit lager/magasin for skulpturane, bøker for sal og verktøy. Ingen av desse romma har skikkeleg klimaregulering.

### 3. Mål og tiltak for samlingsforvaltinga ved MiSF

Dei største utfordringane i samlingsforvaltinga ved MiSF er knytt til dokumentasjon og bevaring av eksisterande samlingar, noko som igjen skapar utfordringar for tilgjengeleggjering av samlinga og den vidare samlingsutviklinga ved MiSF. I strategiplan for MiSF 2018–2021 er det difor lagt vekt på å betra bevaringssituasjonen og dokumentasjonen av den eksisterande samlinga, men det vert understreka at fleire av delmåla er avhengige av realisering av eit fellesmagasin. Nokre av måla frå strategiplanen er vidareførte her i samlingsforvaltingsplanen saman med meir langsiktige mål for samlingsforvaltinga ved MiSF.

Dei overordna måla for MiSF presenterte i dette dokumentet, skal innlemmast i årlege handlingsplanar i form av konkrete mål for det praktiske arbeidet med samlingsforvaltinga.

#### Organisering og kompetanseutvikling

##### Utfordringar og langsiktige mål

Det har tidlegare vore felles møtestader for ulike stillingsgrupper i Musea i Sogn og Fjordane. I ny organisasjonsmodell vert dei som arbeider med forskning og bevaring samla i ei avdeling. Målet vil vera kompetanseheving, kunnskapsdeling, kunnskapsutvikling og fagleg fellesskap.

Som eit tiltak knytt til fellesmagasinet i Angedalen, skal det opprettast faste stillingar som magasinforvaltar og tekniske konservatorar. Måla med desse stillingane vil vera å stetta behov for kompetanse på teknisk konservering, sørge for at MiSF har oppdatert kunnskap om samlingsforvalting etter gjeldande prosedyrar, retningslinjer og standardar, bidra til å implementera samlingsforvaltingsplanen, med meir. Konkrete arbeidsoppgåver knytt til stillinga som magasinforvaltar vil vera oppsyn med gjenstandsmagasina og logistikk i samband med flytting, utlån, besøk til fellesmagasinet, med meir. Dette må sjåast i samanheng med samarbeidet innanfor Vestland fylke og med Bevaringstenestene.

Som eit ledd i arbeidet med samlingsforvaltinga er det oppretta fleire felles prosjektstillingar knytt til samlingsforvaltinga ved MiSF.<sup>5</sup> Målet med desse stillingane er i første omgang å få unna restansar ved musea, gjennomføra fellesprosjekt og få samkøyrd praksis ved MiSF. Ved å jobba prosjektbasert i tverrfaglege grupper samansett av prosjekttilsette og fast tilsette, kan ein få gjennomført revisjonsprosjekt av høg kvalitet. Aktuelle prosjekt er minimumsregistrering, prioritering i samlingar, dokumentasjonsprosjekt, med meir.

##### Mål og tiltak for planperioden 2021–2024

- Leggja til rette for at tilsette kan delta på kurs i relevant metodikk for forvaltingsarbeid.
- Implementera felles rutinar i samlingsforvaltinga med utgangspunkt i samlingshandboka.
- Kartleggja kompetansen til dei tilsette i avdeling for forskning og bevaring med mål om betre utnytting av kunnskapen i MiSF på tvers av musea.
- Utvikla samlingsforvaltingskompetansen gjennom kurs, vidareutdanningar, nyttilsettingar, m.m. i samsvar med vedtatt kompetansestrategi.
- Sikra relevant og utfyllande kunnskap om samlingane gjennom fagleg utvikling og nyttilsettingar, med særleg vekt på kulturhistorisk gjenstandskompetanse.
- Utgreia høve til å etablera fellesløyse for fagbiblioteka ved MiSF.

---

<sup>5</sup> Det kan her vidare vera aktuelt å sjå til organiseringa av fellestenestene for samlingsforvalting i Rogaland: <https://fellestjenestene.no/om-fellestjenestene/>

## Dokumentasjon

### Utfordringar og langsiktige mål

For at MiSF skal kunna driva effektiv samlingsforvaltning må ein først ha full oversikt over samlingane til musea. Dette er sett opp som første delmål under forvaltning i strategiplanen for MiSF 2018–2021. MiSF vil vidareføra ambisjonen om å få 100 % oversikt over samlingane med anslag om tilstand og bevaringstilhøve.

I strategiplanen for MiSF 2018–2021 er det vidare sett mål om 80 % minimumsregistrerte objekt i samlingane. Det bør vera eit langsiktig mål å koma opp i 100 %. Eit slikt mål vil krevja at det vert sett av tid og ressursar, gjerne i form av prosjekt, til revisjon av samlingane til MiSF.

Der er 142 båtar i samlinga, men berre eit fåtal er registrerte i Primus og fleire vert oppbevarte under særst lite tilfredsstillande forhold. Basert på tidlegare arbeid med båtsamlinga bør det opprettast ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå båtsamlinga ved MiSF. Målet med gjennomgangen vil først og fremst vera å få dokumentert og sikra båtane i samlinga, mogleg gjennom flytting til det planlagde båtmagasinet, men òg å gjera ei prioritering i denne samlinga.

### Mål og tiltak for planperioden 2021–2024

- MiSF skal ha full oversikt (100 %) over kvar gjenstandane er lokaliserte, med anslag om tilstand og bevaringstilhøve.
- 80 % av samlingane skal vera minimumsregistrerte (prosent av tal på gjenstandar ved strategiperioden sitt utløp, frårekna deaksesjonerte gjenstandar).
- 100 % av båtsamlinga skal vera gjennomgått, vurdert, registrert og plassert i tilfredsstillande magasin/lokale eller avhenda. Vil gjennomførast som fellesprosjekt på tvers av avdelingane.
- Det skal avklarast eigarskap og forvaltingsansvar for fotosamlingane til MiSF (m.a. det som er oppbevart ved Fylkesarkivet). Det er eit skilje mellom dei fysiske fotografia og ansvar for opplysingane.
- MiSF skal ha pålitelege tal for fotosamlingane.
- 80 % av kunstsamlinga skal vera fotografert.
- Kulturlandskap og hageanlegg som musea forvaltar skal vere tilfredsstillande registrert, digitalisert og tilgjengeleggjort
- Ta i bruk Primus for levande samlingar
- Etablera felles arkivsystem for MiSF.

## Bevaring

### Utfordringar og langsiktige mål

Statistikk for 2019 syner at 54 % av dei kulturhistoriske samlingane til MiSF ikkje vert oppbevarte under tilfredsstillande forhold (for dei kunsthistoriske samlingane er talet 37 %). Det er i tillegg ulike vurderingar av kva som vert rekna for tilfredsstillande. Det er ei prioritert oppgåve for museet å flytta gjenstandane inn i magasin med kontroll på klima, skadedyr og tjuverisikring. Det må samstundes etablerast rutinar for ettersyn og kontroll av samlingane i magasinane. I første omgang vil museet måtta avklara kva objekt som skal lagrast kor, særleg med tanke på mogleg flytting til fellesmagasin i Angedalen.

## Mål og tiltak for planperioden 2021–2024

- 60 % av gjenstandane skal oppbevarast under tilfredsstillande forhold.
- MiSF fekk i planperioden sikra middel til etablering av fellesmagasin på Ramstad i Angedalen. Arbeidet med etableringa vil fortsetja i planperioden.
- Gjennomføra ein analyse av bevaringsarbeidet og magasintilhøve med bruk av «Benchmarks 2.0»
- Avklara kva gjenstandar/samlingar som skal lagrast kor og gjennomføra flytting til Angedalen når fellesmagasinet står klart.
- Oppretta rutinar for jamleg kontroll av magasin.

## Tilgjengeleggjering

### Utfordringar og langsiktige mål

Det er eit mål å få oppretta publikumsmagasin i Angedalen. Dette vil leggja til rette for magasinutstillingar i tillegg til å gjennomføra formidlingsopplegg knytt til samlingsforvaltninga. Det skal i tillegg opprettast studiemagasin/-rom slik at magasinerte objekt kan vera tilgjengelege på førespurnad. Fleire kulturhistoriske bygningar vert i dag brukte som lager for objekt i samlingane. Etter kvart som desse objekta vert flytta til magasin, er det eit mål at fleire av dei kulturhistoriske bygningane skal kunna opnast for publikum. Det viktigaste arbeidet med tilgjengeleggjering av samlingane dei komande åra, vil likevel vera gjennom digitalisering av samlingane og metadata tilhøyrande objekta.

## Mål og tiltak for planperioden 2021–2024

- Musea i Sogn og Fjordane skal ha ei standardisert løysing for digitalisering og digital samlingsforvaltning som gir god oversikt og tilgang til samlingane våre.
- Mål om publisering av bygningane vart oppfylt i strategiperioden i form av minimumsregistrerte postar, men må følgjast opp gjennom utfylling av desse med metadata frå protokollar og liknande.
- Utarbeida felles rutinar for bruk av samlingane i utstillingssamanheng.
- Forbetre felles rutinar for handsaming av førespurnadar frå publikum.
- Utvikle studiemagasin i Angedalen til interne og eksterne brukarar.
- Det bør vera eit mål å få publisert samlingane på Digitalt Museum etter kvart som dei vert Primusregistrerte. Gjenstandane må vera minimumsregistrerte før dei vert publiserte på Digitalt Museum.
- Om lag 1/3 av MiSF sine publiserte objekt på Digitalt Museum manglar foto. Det er eit mål å få redusert talet objekt utan bilete, mellom anna gjennom å få lagt inn foto av objekta som alt er publiserte på Digitalt Museum for slik å betra publikumsopplevinga av objekta.
- MiSF bør ha som mål å auka formidlinga av samlingane og utnytta fleire av moglegheitene på plattformar som Digitalt Museum.

## Samlingsutvikling

### Utfordringar og langsiktige mål

Å få oversyn over dei eksisterande samlingane vil vera ein føresetnad for planlegging av den vidare samlingsutviklinga ved MiSF. For å sikra god samlingsutvikling må det vidare lagast ein innsamlingsplan som seier noko om kva museet manglar i samlinga og ønskjer å få inn, og kva vi ikkje lenger skal ta vare på. Når ein ser samlingane til MiSF i samanheng, bør det gjennomførast prioriteringsprosjekt der ein ser dei eksisterande samlingane i lys av innsamlingsplanen.

For å sikra ein god prosess i vurderinga av aksesjon til og deaksesjon frå samlingane vart det i 2019 oppretta eit samlingsutval ved MiSF. I vurderinga av nye inntak vil samlingsansvarleg setja opp ei fagleg grunngiving for aksesjonen. Denne vert så sendt til samlingsutvalet for endeleg godkjenning. Same prosedyre gjeld for deaksesjon. Utvalet si oppgåve er å sikra at aksesjon og deaksesjon følgjer innsamlingsplan og andre retningslinjer ved MiSF, i tillegg til å vera ein ekstra tryggleik for samlingsansvarleg i desse vurderingane. Samlingsutvalet møttest ein gong i månaden.

#### Mål og tiltak for planperioden 2021–2024

- Etablere innsamlingsplan med rutinar og retningslinjer for inntak.
- Konkrete mål for forvaltingsarbeidet (oversikt, registrering og prioritering) må inn i årlege handlingsplanar.
- Gjennomføra prioriteringsprosjekt i MiSF sine samlingar for å vurdere eksisterande samlingar i lys av innsamlingsplanen og langsiktige mål for samlingsutviklinga. I første omgang vil bygningssamlinga og båtsamlinga prioriterast i dette arbeidet.
- Som ein del av revisjonsarbeidet skal ein aktivt ta stilling til avhending.

## 4. Vedlegg

1. Handbok for samlingsforvaltning